



Solhytten AS
Welhavens vei 4
4319 SANDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3430 - 18/33492

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.11.2018

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 58/95 Lygra indre

Administrativt vedtak: **Saknr: 601/18**

Byggestad: Gbnr: 58/95
Tiltakshavar: Helge Haglund
Ansvarleg søkjar: Solhytten AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 58/95.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigdommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH med etterpolering og påkopling på eksisterande kum på gbnr 58/124 før utsleppet vert ført til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.01.2018 og sist supplert 04.06.2018. Kulturminnefagleg fråsegn vart motteken 19.09.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område avsett til fritidsbustad innafor «Reguleringsplan for del av g.nr. 58, b.nr. 1,2,4,10,12 og 13 m.f. Buskeneset – Feste i Lindås kommune». Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 90m² BRA for fritidsbustad i ein etasje. Reguleringsplanen har ikkje fastsett byggjegrænse mot sjø og tiltak som skal etablerast innanfor 100-metersbeltet langs sjø krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå § 1-8 i plan- og bygningslova.

Det er gitt dispensasjon frå pbl. §1-8 for etablering av avløpsreinseanlegg og stikkleidningar i vedtak datert 06.11.2018, jf administrativt vedtak saknr. 599/18. Det vert vurdert at etablering av anlegget elles er i samsvar med gjeldande plan.



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Hordaland Fylkeskommunen den 18.06.2018:

Me vise til dykkar brev datert 23.05.2018, mottatt 29.05.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller verneverdige kulturminne innafor det aktuelle arealet, men området har topografiske trekk som gjer at det har potensial for funn frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei synfaring. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, dette for å sikre at tiltaket ikkje er i konflikt med kulturminnelova § 3. Ei eventuell registrering vert utført med prøvestikking med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak, dekker Hordaland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering. Den arkeologiske synfaringa og eventuelle registreringa vil verte gjort så raskt som råd og etter fellesferien.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før me har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Kulturminnefagleg fråsegn vart motteken 19.09.2018:

Viser til dykkar brev datert 23.05.2018, og vårt brev av 18.06.18 med varsel om synfaring og mulig arkeologisk registrering.


Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring og arkeologisk registrering i det gjeldande arealet 18.09.18. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i oppdatert situasjonskart, datert 04.06.2018:



Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr 58/95. Utsleppsleidningen er delvis lagt på eigen eigedom og går over gbnr 58/4 med påkopling på eksisterande kum på gbnr 58/124 og vidare påkopling til eksisterande leidning tilhøyrande gbnr 58/124 med eksisterande utslepp 110m i sjø.

Det ligg føre tinglyst erklæring, datert 10.11.2017, mellom gbnr 58/4 og 58/95. Rett til å anlegge mellombels tilkomstveg til eigedommen samt rett til å «anlegge grøft for fremføring av strøm, vann og avløp gjennom eiendommen gnr. 58 bnr. 4 til og fra gnr. 58 bnr. 95».

Gbnr 58/124 har slamavskiljar, jf. løyve av 19.11.2013. Det er gitt utsleppsløyve for leidninga den 19.11.2013. Det ligg føre erklæring frå gbnr 58/124 til gbnr 58/95, datert 30.04.2018 for påkopling til fellesleidning. Gbnr 58/95 gis rett til å kople seg på eksisterande avløpsleidning til gbnr 58/124. Gbnr 58/95 gis rett til å legge avløpsleidning over gbnr 58/124 fram til tilkoplingspunktet.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering (for å hindra eventuell slamflukt) med påkopling på eksisterande kum på gbnr 58/124 og vidare påkopling til eksisterande leidning tilhøyrande gbnr 58/124 med eksisterande utslepp 110m i sjø.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med oppdatert situasjonskart datert 04.06.2018.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak med saksnr. 602/18.

Gbnr 58/124 har avløp via eigen slamavskiljar og det er gjeve utsleppsløyve for leidninga, jf. løyve av 19.11.2013. Da leidninga allereie er godkjent, skal det ikkje innhentas vedtak etter hamnelova no som leidninga skal vere ein fellesleidning for gbnr 58/95 og gbnr 58/124.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for ein fritidsbustad på gbnr 58/95 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH med etterpolering og påkopling på eksisterande kum på gbnr 58/124 før utsleppet vert ført til sjø.
2. Krav om påkopling på eksisterande kum på gbnr 58/124 og vidare påkopling til eksisterande leidning tilhøyrande gbnr 58/124 med eksisterande utslepp 110m i sjø, jf. situasjonskart datert 04.06.2018.
3. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
4. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid og denne skal stadfeste at service på minirenseanlegget er gjennomførbar for fritidsbustaden utan vegtilkomst.
5. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet

på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3430

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Haglund
Solhytten AS

Synningavegen 3 E 5259
Welhavens vei 4 4319

HJELLESTAD
SANDNES

Mottakarar:

Helge Haglund
Solhytten AS

Synningavegen 3 E 5259
Welhavens vei 4 4319

HJELLESTAD
SANDNES